



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/24	Formannskapet	11.04.2024
030/24	Kommunestyret	23.05.2024

Lokal Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve Stryn kommune

Bakgrunn for saka:

Administrasjonen fremja i K-sak 029/23 sak om vertskommunesamarbeid innan tilsyn av spreidde avløp og tilsyn byggjesak. I K-sak 063/23 vert det fremja sak om vedtak av etablering av vertskommunesamarbeid om felles tilsyn for spreidde avløp og byggjesak.

Sentrale lover og forskrifter gjev kommunen høve til å føre tilsyn med både spreidde avløp og oppfølging av ulovlege tiltak i byggjesak.

Dersom slikt tilsyn skal finansierast med gebyr, må kommunen vedta lokal forskrift som heimlar innkrevjing av gebyr for tilsyn.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forureiningslova)
- Forskrift om begresning av forurensning (Forureiningsforskrifta)

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve Stryn kommune Vestland 1630473

Saksopplysningar:

Vedtak i K-sak 029/23 – Vertskommunesamarbeid innan tilsyn spreidde avløp og tilsyn byggesak:
Kommunestyret tek saka til vitande, og ber kommunedirektøren utgreie vertskommunesamarbeid for tilsyn med spreidde avløp og tilsyn byggesak i samsvar med den vedlagte tiltaks- og tidsplanen. Kommunedirektøren legg til grunn at kapasiteten, oppgåvene og

økonomi i eit vertskommunesamarbeid, vert tilpassa tal på kommunar som vel å vere med i eit vertskommunesamarbeid

Framlegg til vedtak i K-sak 063/23 – Etablering av vertskommunesamarbeid – Felles tilsyn for spreidde avløp og byggesak:

- 1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen kommune vert vertskommune for tilsynet*
- 2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:*

a) talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og

b) talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

I FO-sak 102/23 – Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve lagd ut til offentleg ettersyn. Det er kome inn ein merknad frå Vestland fylkeskommune:

Offentleg ettersyn - forskrift - gebyr - tilsyn med spreidde avløp - handsaming av utsleppsløyve - Stryn kommune

Vestland fylkeskommune er positiv til at Stryn kommune innfører denne forskrifta fordi ho vil vere eit viktig verkemiddel for kommunen til å kontrollere og redusere påverknad frå spreidde avløp, jamfør forureiningsforskrifta kapittel 12. Saman med det nye vertskommunesamarbeidet (jamfør kommunestyresak 063/23) vil dette vere eit grunnlag for å følgje opp desse avløpa, i tråd med Nasjonale føringer for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene (KLD 19.03.2019) og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 – 2027.

Vi har ikkje merknader til forskrifta, men tek atterhald om at vi ikkje har gjort ei juridisk vurdering av ordlyden i forskrifta.

Vi beklager at denne tilbakemeldinga kjem etter at høyringsfristen er ute.

Merknaden er kommen kommunen i hende etter høyringsfristen, men slik Vestland fylkeskommune skriv, så har dei ingen merknadar til forskrifta, men er svært positive til vertskommunesamarbeidet i høve tiilsyn.

Vurdering:

Lokal Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve har lege ute til offentleg ettersyn i perioden 15. februar 2024 til og med 19. mars 2024.

Det er kome inn berre ein merknad frå Vestland fylkeskommune, der fylkeskommune er positive til at Stryn kommune innfører denne forskrifta som eit viktig verkemiddel i høve kontroll og for å redusere påverknad frå spreidd avløp i miljøet.

Lokal Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve vert difor lagd fram for kommunestyret for vedtak.

Lokal Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve vert

sett i kraft for kommunen frå og med 1. januar 2024 slik at den er likelydande i vertskommunesamarbeidet. Lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve* skal ikkje ha tilbakeverkande kraft i høve utsleppsløyve som er gjeve fram til vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune vedtek lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve*.
2. Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2024.
3. Lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve* har ikkje tilbakeverkande kraft på utsleppsløyve gjeve før kommunestyret sitt vedtak.

Formannskapet 11.04.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 032/24 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve*.
2. Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2024.
3. Lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spreidde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve* har ikkje tilbakeverkande kraft på utsleppsløyve gjeve før kommunestyret sitt vedtak.

Kommunestyret 23.05.2024:

Handsaming:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 030/24 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spredde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve*.
2. Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2024.
3. Lokal *Forskrift om gebyr for tilsyn med spredde avløp og gebyr for handsaming av utsleppsløyve* har ikkje tilbakeverkande kraft på utsleppsløyve gjeve før kommunestyret sitt vedtak.